



Styremøte

Tid og stad:

Onsdag 20. januar 2016 kl. 18.00 i Fløda hos Anne Bjørg.

Saksliste:

- | | |
|-------|--------------------------|
| 01/16 | Innbrotssaken |
| 02/16 | Mobilinnsamling |
| 03/16 | Brev frå Sande Rekneskap |
| 04/16 | Klubbhusprosjektet |
| 05/16 | Årsmøte |
| 06/16 | Hjartestartar |
| 07/16 | Eventuelt |

Oppmøte:

Leiar Anne Bjørg Bringsvor, nestleiar Endre Vorren, sekretær Eirik Voksøy Bringsvor og kasserar Svein Helge Bringsvor var til stades.

Forfall:

Styremedlem Knut Olav Skare var ikkje til stades.

Referat:

Sak 01/16 Innbrotssaken

Vi har motteke eit brev frå Politiet om innbrotssaken. Dei skriv at saken er avslutta etter at avtalen inngått i Konfliktrådet er oppfylt. Dette er feil. Berre halvparten av det avtalte erstatningsbeløpet er betalt.

På styremøtet den 8. desember 2015 vedtok vi å avslutte saken.

Vedtak: Anne Bjørg tek kontakt med Politiet, og ber dei om å skrive eit nytt brev, der utfallet i saken er presist beskrive.



Sak 02/16 Mobilinnsamling

Svein Helge kunne fortelje at det ikkje er offentleggjort resultat frå mobilinnsamlinga i fjor.

Sak 03/16 Brev frå Sande Rekneskap

Vi fekk nyleg eit brev frå Sande Rekneskap, der dei orienterer om at deira tilsette i ei årrekkje har ført rekneskap på dugnad for fleire lag dei er engasjerte i, og at dei vil halde fram med dette mot at vi betalar 4000 kroner årleg. Det er for å dekkje ulike utgifter knytt til arbeidet, fordi dei brukar både arbeidstid og andre ressursar.

Vi har forståing for brevet, men synest 4000 kroner er mykje for vårt rekneskap. Dessutan har vi aldri vore i forbindelse med Sande Rekneskap. Det er Tor Arne Bringsvor privat som har vore rekneskapsfører, men vi presiserer at dette er ein formalitet, og at det sjølv sagt er naturleg at dugnadsarbeidet ikkje kan skiljast heilt frå den profesjonelle jobben.

Vedtak: Svein Helge tek seg ein prat med Tor Arne før vi bestemmer oss.

Sak 04/16 Klubbhusprosjektet

Eirik informerte om at prosjektet stadig går framover, utan at det er altfor stor oppslutnad rundt dugnadsarbeidet. Det er handla inn material og varer til at huset vert ferdig utvendig, og isolert inne.

Før det kan gjerast noko meir innvendig, må byggelånet hos Sparebanken Møre kome i orden. Svein Helge fortalde om kontakta med kommunen når det gjeld grunnavtalen som må på plass for at lånet skal bli godkjent. Avtalen er også ein faktor i spelemiddelsøknaden for tilbygget, som vart sendt inn i mai i fjor. Sande kommune hadde frist den 15. januar for å sende denne vidare, og det vart då eit spørsmål om grunnavtalen. Det siste som vart sagt, var at "det skal vere i orden".

Det er kommunen som har ballen i denne saken – det einaste vi kan gjere, er å mase.

Det er elles registrert relativt stor interesse for kva tid treningsstudioet vert ferdig. Svaret må foreløpig vere sommaren 2016.



Sak 05/16 *Årsmøte*

Årsmøtet er som tidlegare bestemt sett til fredag 5. februar kl. 19.00 på skulen. Rekneskap og årsmelding er i rute til årsmøtet.

Rekneskapsfører har stilt spørsmål om korleis det vert handtert at den eine revisoren er bortreist til etter årsmøtet.

Valnemnda har hatt møte, og er godt i gang med å få på plass eit framlegg til tillitsvalde for det komande året. Vi meiner at det skal vere to vara til styret, og at den første skal innkallast til alle møte. Ønskje om å få inn eit kvinneleg medlem. Forslag om Brit Synnøve Våge, Kjerstin R. Sande og Ingrid B. Voksøy.

Det vart også lagt fram synspunkt om at det er unødvendig at ein person er i både hovudstyre og trimgruppe (i dette tilfellet Knut Olav), spesielt når Sjutoppsturen omfattar heile idrettslaget. Då er det betre å ha ein annan person i staden for, slik at det vert meir "pålagt" å stille opp.

Vedtak: Hovudstyret møter opp på skulen fredag 5. februar kl. 18.30. Anne Bjørg ordnar avtale om lån av klasserom. Rekneskapsfører, kasserar og revisor(ar) finn ei løysing på revisorproblemet.

Anne Bjørg avklarar arbeidsfordeling med valnemnda, og syter for å spørje aktuelle nye tillitsvalde.

Sak 06/16 *Hjartestartar*

Vi registrerer at hjartestartaren er på plass på brannstasjonveggen. Grendalaget har masa om kva vi vil støtte prosjektet med. Anne Bjørg har svart at vi må vite kva dei manglar først. Tidlegare har vi bestemt at vi vil gje inntil 5000 kroner, alt etter kor mykje som manglar. Dette står vi ved.

Sak 07/16 *Eventuelt*

Ingen forslag denne gongen.

Møtet var slutt kl. 20.15.

Dato for neste møte vart ikkje bestemt.